

Hordaland Sau og geit



Telefonstyremøte 03.02.11 Disse deltok : Nils Inge Hitland,Steinar Steine,Anders Konglevoll,Svein Misje og Reidar Kallestad.

Sak.17/11. Godkjenning av innkalling,sakliste og referat frå styremøte 28.01.11. Merknad.Sekretær rettar opp nokre få punkt og sender korrigert referat ut.

Sak.18/11.Utnemning av æresmedlem i Kvam og Fana Os sau og geit. Etter vedtektene skal styret i HSG godkjenna desse utnemningane.

Vedtak : HSG har ingen merknad til att Kåre Søvik og Albert Øvsthus vert utnemnde som æresmedlemer i sine respektive lag.

Sak.19/11.Agro Hordaland.Innkalling til møte på Stend 10.02.11. Reidar Kallestad møter der. Det vil verta teke opp på årsmøte i HSG om me skal ha leiarsamling under Agro Hordaland, eller det vert valt ei anna løysing.

Sak.20/11.Innspel til jordbrukstingingane.Steinar Steine refererer frå møte med Bondelaget og Småbrukarlaget.

Steinar Dvergsdal frå FK Agri orienterte her om fraktordningane på korn, kraftfor og transport av slaktedyr. Elles om utfordringane i Vestlandslandbruket.

HSG vil prioritera fylgjande i dette jordbruksoppgjøret :

- Auka tilskot til vf.sau på utmarksbeite med kr.50.
- Auka tilskot til sau med kr.100.generelt på alle dyr opptil 300 dyr.
- Auka investeringsmidlar til driftsbygningar og få tilbake tilskot til dyrking og grøfting.
- Auke i målprisen med kr.3.pr.kg.

Sak.21/11. Ymse.

Reidar Kallestad opplyste om kurs for unge bønder i Nordhordaland midt i mars. Program og påmelding vert lagt ut på HSG si heimeside og på medlemssida til Nortura.Det er eit velfylt program som me må gjera kjent for flest mogeleg.

Referent Knut Sygnesteveit.